



Gustav Bergstø set kursen mot syd nok ein gong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalens fargeklatt og oppfinnar Gustav Bergstø har tydelegvis fått reisefeber etter si første vitjing i Syden.

Saman med reisevenn (no også kalla kammertenar) åmotingen Arne Vestli planlegg han å forlata Korsnes og

Uskedalen 7. januar 2008 og koma attende 28. mars same år!

Dei to hadde eit særst vellukka opphald på Gran Canaria sist vinter og vart mykje merksemd til del i samband med den turen. Turmålet blir det same neste år.

Gustaven fortel til Grenda at ved å sitja med leggene i det salte vatnet i eit kvarter vart dei som nye! Han meiner at Kanariøyane har den mest behagelege temperaturen og det beste klimaet.